

Dobbelt medlemskap problematisk

Rune Espelid

Tankesmia Bedehusforsamlingar

Harald Myklebust har i Dagen den 12.12.16 eit innlegg der han talar imot det han kallar eit linjeskifte i IMF sin strategi. Han vil halda på den såkalla ellipsemodellen, der bedehusfolket både har sitt eige vennesamfunn og samstundes er deltakande i kyrkja (Dnk). Han spør om det er nødvendig å bryta ut av denne «samhandlinga» som heile vegen har vore krafta i arbeidet i kyrkje og bedehusland. Kjærleiken til denne modellen, som Myklebust både her og tidlegare har late koma fram er fullt ut forståeleg i historisk perspektiv, men neppe eigna som grunnlag for framtidig vekst i bedehusland. Her vil eg peika på nokre få forhold som gjer det nødvendig å tenkja igjennom dei historiske relasjonane på nytt, og som eg meiner Myklebust ikkje tek særleg omsyn til i det han skriv.

1. Med tanke på den læremessige utviklinga i Dnk, så verkar det litt bagatelliserande når ein uttrykkjer at det alltid har vore uro rundt og misnøye med tilstanden i Dnk. Utviklinga i Dnk skjer no raskt og i liberaliserande retning. Det kan framleis variere i kva grad dette når ned til lokale forsamlingar (menigheter), men det er urealistisk å tenkja at ein kan verta ståande upåverka. Eit av momenta i dette er at presteutdanninga no er fjerna mykje frå bedehusland sin teologi. Spørsmålet bedehusland bør stilla seg er kor tid bibelen si tale om å bryta med falsk lære vert aktuell – ikkje berre i forhold til einskildprestar, men i høve heile det kyrkjelege systemet. Det er dette eg opplever at t.d. IMF har teke tak i.

2. Kyrkja har bygt opp sitt eige lekmannsarbeid. Dnk har i dag ei heilt anna organisering lokalt enn i tidlegare tider, der presten var Dnk i eigen person. No er det ein stab av tilsette, dyktig organisert og med ein profesjonell leiarstruktur heilt til topps. Desse har eit mandat og ei målsetjing som femner om heile folket. Det har ført til at Dnk no svært mange stader har bygt opp eit lekmannsarbeid som langt overgår det ein finn på bedehusa. Det barne- og ungdomsarbeidet ein tidlegare hadde på bedehuset, finn ein i dag i kyrkja. Bedehuset sitt handlingsrom er sterkt redusert, få ønskjer å driva dobbeltarbeid, og om ein engasjerer seg i det kyrkjelege arbeidet, skjer det på Dnk sine premisser.

3. Ellipsemodellen er utgått på dato, ikkje fordi bedehusland har endra seg, men fordi Dnk i dag er noko heilt anna enn før. Ein kristen barnefamilie søker ei forsamling som gjev eit fulldekkande tilbod til heile familien. Det gjev Dnk, og det er noko nytt som tidlegare generasjonar ikkje hadde å ta omsyn til. Vel ein Dnk som si forsamling idag, vert ein der utfordra og engasjert – og det vert lite tid og krefter til å driva eit bedehusarbeid parallelt. Det sterke vennesamfunnet som Myklebust meiner finst på bedehuset er mange stader redusert til einskilde tilfeldige møte. Det vert rett og slett for strevsamt for dei fleste å vera deltakande i to forsamlingar.

4. Kyrkja rekrutterer frå bedehusland. Det lekmannsarbeidet kyrkja har bygt opp treng også frivillige medarbeidarar. Her har mange frå bedehusland engasjert seg. Situasjonen er med andre ord at dei beste leiarkreftene som naturleg etter tidlegare tiders logikk skulle bore arbeidet i bedehusland no er rekruttert over til Dnk sitt arbeid. I lokalsamfunna medfører dette at bedehusarbeidet i stor grad vert tilsvarande redusert.

Me lever i ei tid med store omskiftingar. Ansvaret som kviler på leiarane i bedehusland er å finna vegen framover som møter utfordringane i tida og leier folket på himmelveg. Eg tenkjer også at det er tid for å leggja strategien utifrå eit endetidsperspektiv, og leggja til grunn dei vilkåra for sann kristen tru som Bibelen skildrar om dei siste tider. Eg oppfordrar alle bedehusfolk til å tenkja

langsiktig og engasjera seg i oppbygging av bedehusland. Dette 'landet' vil ikkje eksistere, og langt mindre vekse, av seg sjølv, men treng tilførsel av stadig nye ressursar. Det som står på spel i landet vårt, er ei luthersk kristendomsform som tek Bibelen på alvor som Guds openberring til oss, som talar tydeleg om mennesket si fortapte stilling, kallar til omvending og til personleg liv i Kristus. Tankesmia Bedehusforsamlingar arbeider med desse spørsmåla, følg med på www.forsamling.org.